

NOTAT

Vedlegg nr. 4

Til: Prioriteringsrådet
Frå: Statsforvaltaren
Kopi: [Fyll inn]

Saksbehandlar/telefon:
[Fyll inn] / [Fyll inn]
Vår dato: 05.04.2024

Sak 28/24 Arealplanlegging og byvekstavtalen

Arealsspørsmålet var eit sentralt og gjennomgåande tema i forhandlingane om byvekstavtalen og i handsaminga i kommunestyra. Eit av hovudgrepa i byvekstavtalen er koplinga mellom areal og transport. I starten av avtaleperioden var det ein frykt i kommunane at byvekstavtalen ville overstyre dei demokratiske prosessane i plan- og bygningslova og det kommunale sjølvstyre.

Byvekstavtalen har forplikingar til partane og ein forventning om at arealdelen kommuneplanane (KPA) skal oppdaterast i tråd med nullvekstmålet, statlege planretningsliner og regionale planer og skal prioriterast i første halvdel av avtaleperioden (2024), jf. kapittel 5.

I det forsterka nullvekstmålet er effektiv arealbruk eit av fleire tiltak for å nå nullvekst.

*I byområdene skal klimagassutslipp, kø, luftforurensning og støy reduseres gjennom **effektiv arealbruk** og ved at veksten i persontransporten tas med kollektivtransport, sykling og gange.*

Effektiv arealbruk er eit viktig langsiktig verkemiddel for å nå nullvekstmålet. Kommunen er planmyndigheit, og arealbruken er under lokal kontroll i samsvar med vedtekte føringar frå statlege planretningsliner og regionale planar vidareført i byvekstavtalen.



Så langt har det vore avgrensa informasjon om utviklinga innan areal i avtaleområdet gjennom dei indikatorane det vert rapportert på kvart andre år, og i årsrapportane. Neste rapportering av arealindikatorane er i år.

Areal er omtalt i kapittel 2 og 5 i byvekstavtalen (*avtaletekst i kursiv*):

I kapittel 2 under Prosjekt og tiltak:

For å sikre at utbygging av areal- og transportinfrastruktur vert samordna i tid, bør arealutvikling vere ein del av vurderingsgrunnlaget for porteføljestyringa.

Har vi nok informasjon i kva grad slike vurderingar vert gjort?

I kapittel 5 Arealplanlegging:

Byvekstavtalen er ein integrert del av regional og kommunal planlegging. Kommunen er planmyndigheit, og byvekstavtalen vidarefører nasjonale og regionale føringar i statlege planretningslinjer og regionale planar. Kommuneplanane i avtaleområdet skal legge nullvekstmålet i avtalen til grunn.

Når det gjeld revisjon av arealdelen i kommuneplanane (KPA) er partane i ulik fase;

- Bergen vedtok kommuneplanen (KPA) i juni 2019,
- Bjørnafjorden vedtok kommunedelplan (KPA) for Bjørnafjorden Vest (tidlegare Os kommune) hausten 2023,
- Askøy skal ha revidert kommuneplan (KPA) på høyring våren 2024,
- Alver er i prosess med ny kommuneplan (KPA) for den samanslåtte kommunen, og
- Øygarden har tre tidlegare kommuneplanar og er i oppstartsfase for en nye kommuneplan (KPA) for den samanslåtte kommunen.

Ser vi effektar av nullvekstmålet i arealplanane?

Mål for arealutvikling

- *Lokalisering av nye bustader, handel, service og annan besøks- og arbeidsintensiv verksemd skal i hovudsak skje i regionale vekstsoner.*
- *Utanfor dei regionale vekstsonene skal det kunna bli lagt til rette for utbygging for å oppretthalda gode og levande lokalsamfunn.*
- *Det skal vera høg arealutnytting i sentrumsnære område og høg kvalitet i all by- og tettstadsutvikling.*

Har vi data for dette eller manglar vi datagrunnlag for einskildkommunar og heile avtaleområdet, som gir godt grunnlag for analyser og god kunnskap for å styre arealutviklinga?

Summen av arealvedtak er ein viktig variabel for at arealbruken skal gå i riktig retning, og ein treng å kvantifisere arealplanane til bruk i transportmodellen.

I handlingsprogrammet kan ein setje saman tiltak basert på kollektiv, gange og sykkel kombinert med effektiv arealbruk. Gode løysningar skjer i eit samspel mellom kommunane, fylkeskommunen og staten.

Statlege og regionale forpliktingar i byvekstavtalen

Statlege arbeidsplass og besøksintensive verksemdar skal lokaliserast i definerte senterområder og i kollektivknutepunkt i samsvar med statleg planretningsline for bustad,

areal- og transportplanlegging (SPR-BATP), Regional areal- og transportplan for Bergensområdet og Regional plan for attraktive senter i Hordaland.

Fylkeskommunale tenester skal lokaliseras i samsvar med føringar gitt i Regional areal- og transportplan for Bergensområdet og Regional plan for attraktive senter i Hordaland.

Kommunale forpliktingar i byvekstavtalen

Kommuneplanane for avtaleområdet skal oppdaterast i tråd med målet for byvekstavtalen og mål, strategiar og retningsliner i Regional areal- og transportplan for Bergensområdet og Regional plan for attraktive senter i Hordaland. Dette arbeidet skal bli prioritert i løpet av første halvdel av avtaleperioden (2024).

Prioriterte tiltak:

- *Gjennomføre ei analyse av fortettingspotensialet i regionale vekstsoner og utarbeide ei oversikt over kva arealreservar som kan samsvara med nullvekstmålet.*
- *Definere lokal senterstruktur i kommuneplanen i tråd med regionale planar.*
- *Fastsette utstrekning av regional vekstzone gjennom kommuneplanens arealdel*
- *Fastsette sentrumsutstrekning i regionsenter*
- *Gjennomføre ein kommunal handelsanalyse som grunnlag for kommuneplanen*
- *Konkretisere arealtiltak og utarbeide talfesta mål for arealbruk i regional vekstzone*
- *Definere behov for areal til infrastruktur for låg- og nullutsleppsteknologi*

Innanfor eksisterande ordningar kan det vere aktuelt med statleg og fylkeskommunal støtte til desse tiltaka.

Kva er status for dei statlege, regionale og kommunale forpliktingane i byvekstavtalen?

Det er eit mål for arealutviklinga at lokalisering av nye bustadar, handel og besøks- og arbeidsintensive verksemder i hovudsak skal skje i regionale vekstsoner. Utanfor dei regionale vekstsonene skal det kunne bli lagt til rette for utbygging for å oppretthalde gode og levande lokalsamfunn. Det skal vere høg arealutnytting i sentrumsnære område og høg kvalitet i all by- og tettstadsutvikling.

Byutredninga for Bergen (2017) og trinn 2 inkludert alle fem kommunane (2018) viste at ein tydeleg og konsekvent arealplan vil gje meir gange, sykkel og kollektivtransport, og redusere bilbruken for mange reiser. Ein oppdatert byutredning er ein føresetnad for revisjon av byvekstavtalen eller som ei eiga bestilling i NTP-prosessen.

Når ein snart er halvvegs i avtaleperioden vil det vere nyttig å dele korleis forpliktingane og føringane på arealplanlegging i byvekstavtalen er følgd opp og forankra hos avtalepartane, og kva effekt og meirverdi dette har for nullvekstmålet.

Etter ein gjennomgang i Prioriteringsrådet foreslår vi å presentere status på desse tema i styringsgruppa utover i 2024.

Forslag til konklusjon:

Prioriteringsrådet tek saka til drøfting. Kommunane presenterer status på dei aktuelle temaa i kommande møte i prioriteringsrådet, med påfølgande orientering for styringsgruppa.